

## **Referat frå møte i styringsgruppe for prosjekt «ta vare på matjorda».**

Møtet vart halde i Meland rådhus torsdag 10.april 2014 kl.0900 – 1100.

Desse møtte:

Asbjørn Toft plansjef i Austrheim kommune  
Trygve Torsteinsen konsulent Norsk Landbruksrådgiving  
Magnar Askeland bonde i Meland kommune  
Astrid Holte rådgjevar fylkesmannen i Hordaland, miljøavdelinga  
Laila Bjørge landbruksjef i Meland kommune  
Eli Bjørklid konsulent Meland kommune

Føremålet med møtet var idestorm med tanke på å få fram så mange ulike sider ved komplekset masseflytting som mogeleg. Vidare å sirkle inn på kva måte prosjektet skal arbeide vidare med desse utfordringane med tanke på å formulere eit hovudprosjekt der dei ulike utfordringane vert søkt løyst.

Idestormen synleggjorde eit vell av problemstillingar. I lista under er dei freista gruppert noko:

Å skape forståing mellom ulike ledd i kjeda:

- Avklaring av omgrep, kva er det vi skal handtere
- Avfall eller ressurs – kor går grensa mellom desse omgrepa – matjord, anna jord, myr, stein, sprengstein, rivingsvirke, betong, røter, trær???
- Å bygge opp kompetanse og forståing i alle ledd – entreprenør, reguleringsmynde, miljømynde, transportør, mottakar (bonde), lokale og regionale styresmakter, konsulenterselskap

Rutinar for sakshandsaming og kontroll:

- Reguleringsplan tar for lang tid, og fører til mykje ord og lite handling
- Reguleringsplaner må ikkje/treng ikkje å ta to år
- Spørsmålet om massebalanse/ handtering av massar må være tema i reguleringsplanen heilt frå starten
- Kor går grensa mellom når det må krevjast regulering og når det ikkje er naudsynt
- Del av kommuneplanar eller delplanar for massedeponi, jordtipp,
- Når er noko eit deponi og når berre tilkøyring av massar for (tilnærma) bruk med eingong

Miljøutfordringar:

- Reine massar kontra ureine massar – dokumentasjon og kontroll
- Rutinar for å hindre at vi tek imot ureina massar
- Alle massar er avfall?

- Lov om forureining, plan- og bygningslova
- Kva gjer ein med ureina massar, brenning, lagring, omdanning til noko anna
- Å hindre avrenning
- Fangdammar og siltgardin, analyse – god og därleg masse, val av handteringsmåte

Å flytte på jord (å take vare på jord):

- Jord er ei avgrensa og i prinsippet ikkje fornybar ressurs
- Myr – krev særskilt handtering for å verte til jord
- Sortering i deponi – undergrunn, ikkje matjord, matjord – ta av å legge tilbake i same rekkefølgje
- Nyttig bruk – å erstatte materialar som uansett ville vorte brukt
- Styring av massane dit dei skal nyttast
- Handtering - å få noko til å verte noko anna

Diverse:

- Storleik/mengde er avgjerande for val av handteringsmåte
- Kva målestokk skal ein nytte – m<sup>3</sup>, lass, planert areal – for å synleggjere eit omfang

Etter idestormen var det gjort freistnad på å skissere ei målsetting:

Fundament: langsiktig, berekraftig og lokal handtering av ressursane, unngå at reduserte kostnadene for eit prosjekt er einaste målestokk for styring, og at akutte løysingar ikkje vert naudsynt.

Framdrift: Forprosjektet ferdig før sommarferien – det vil seie slutt juni. I mellomtida – samle dokumentasjon, notere ned, nytt møte i styringsgruppa, presentasjon av rapport for eit breitt forum, justering og levering av sluttrapport.

Mål: Få ned på papiret «beste praksis» - ei eksempelsamling/handbok som kan nyttast i samband med planlegging og gjennomføring av masseflytting.

Lage ei sjekkliste som kan nyttast for å sjå at noko er gløymt i ein prosess.

Der kor det syner seg naudsynt ta opp ein diskusjon eller ein påpeiking av at reglar og prosedyrar bør endrast.

«Forum for massehandtering», samarbeid, kartlegge og kople kunnskap som alt finst, ressursdatabase.

Frekhaug 10.04.14

Eli Bjørklid